



TROMSØ

Arkeologiske rapporter fra
Norges arktiske universitetsmuseum

2026



Ei mellomaldertuft på Børvågneset **Arkeologisk undersøking på Andøya i Nordland**

Alice Sunde Kvalheim



UiT Norges arktiske
universitetsmuseum

Tromura 2026

Arkeologiske rapporter fra Norges arktiske universitetsmuseum, UiT Norges arktiske universitet

ISSN: 2535-4248 (elektronisk utgave)

Utgiver: Septentrio Academic Publishing, Tromsø, Norway

Redaksjon: Anja Roth Niemi og Janne Oppvang

DOI: <https://doi.org/10.7557/8y3rx662>

Foto: Norges arktiske universitetsmuseum - UiT Norges arktiske universitet

Kart og illustrasjoner: Erik Kjellman, Anja Roth Niemi, Heidi Westgaard og Alice Sunde Kvalheim.

Gjenstandsfoto: Alice Sunde Kvalheim og Erik Kjellman

Fotogrammetri: Martine Lahti og Erik Kjellman

Prosjektet er bekostet av Andøya Space AS

Forsidefoto: Ferdig undersøkt mellomaldertuft, 13.06.25, Alice Sunde Kvalheim

Rapporten er lisensiert under en [Creative Commons Navngivelse-DeLPåSammeVilkår](#) (CC BY-SA). Lisensen tillater andre å tilpasse og bygge videre på arbeidet så lenge det krediteres og lisensieres videre på samme måte.

Ei mellomaldertuft på Børvågneset

Arkeologisk undersøkning på Andøya i Nordland

Alice Sunde Kvalheim



UiT Norges arktiske
universitetsmuseum

Lokalitet: Børvågneset

Id.nr.: 247744-1

Kulturminnetype: Bosetning-aktivitetsområde

Undersøkelsesår: 2025

Areal: 139,6m²

Tiltakshaver: Andøya Space

Kommune: Andøy kommune

Fylke: Nordland Fylkeskommune

Gnr/bnr: 34/2 & 34/27

Koordinater: UTM Sone 33 N: 523326.0 Ø: 7666483.1 N

Feltleder: Alice Sunde Kvalheim

Prosjektansvarlig: Anja Roth Niemi

Rapport: Alice Sunde Kvalheim

Kvalitetssikring: Anja Roth Niemi

Dato: dato rapport levert

Prosjektnr.: 101524101

Saksnummer: 2024/645717

Aksesjonsnr.: 2025/31

Fotobase: TSAD nr. 144

Gjenstandsbasis: TS nr. 16516

Nøkkelord: Mellomalder, fiskeri, hustuft Nord-Norge, middle ages, fishery, house foundation, Northern Norway.

Sammendrag

Sommaren 2025 vart det undersøkt ei tuft som ligg ut på Børvågneset i Andøy kommune. Tufta var frå registreringane datert til mellomalder og våre undersøkingar bekrefta dette. Området gav også fleire dateringar som strakk seg frå 1600- til 1900-talet. Dette vitnar om lang bruk av området, i nyare tid er dette ein kjend utfartsstad for utrorsfiske. Tufta i seg sjølv ser ut til å ha vore av enkel karakter og ingen konstruksjonselement, utanom ei nedgraving, vart identifisert. Ein kolflekk i midten av denne nedsenkinga ga dateringa 1274 – 1299 evt.

In the summer of 2025, we excavated a house foundation located at Børvågneset in Andøy kommune. The site had been dated to the Middle Ages during the registration work, and our examinations confirmed this. The area also yielded several dates ranging from the 1600's all the way up to the 1900's. This provides evidence of long and continuous use of the area. In more recent times, the site is known as a harbor for fishing activities.

The house foundation itself offered very few clues about its construction—no construction elements were recorded except for an intentionally dug pit. A small layer of coal inside the pit provided a C-14 date of 1274–1299 A.D.

INNHOOLD

Innledning.....	1
Bakgrunnen for undersøkinga.....	1
Forundersøkingar.....	1
Berørte kulturminner.....	2
Beliggenhet og kulturmiljø.....	2
Målsetjing og problemstilling.....	4
Prioriteringar og strategiar.....	4
Gjennomføring.....	5
Undersøkjingsmetode og dokumentasjon.....	5
Framgangsmåte.....	5
Dokumentasjon.....	6
Prøveuttak.....	6
Observasjonar og resultat.....	8
Stratigrafiske forhold.....	8
Strukturar.....	9
Funn.....	12
Diskusjon.....	15
Litteratur.....	17
Vedlegg.....	18
Dateringsresultater.....	18
Funnliste.....	19

INNLEDNING

BAKGRUNNEN FOR UNDERSØKINGA

Undersøkingane vart utført på bakgrunn av Andøya Space sine framtidige planar om økt aktivitet, som bygging av oppskytingsramper og påfølgande oppskytingar av rakettar. Andøya Space sitt oppskytingsanlegg ligg rett att med lokalitet id 247744 Børvåneset og kulturminnet kjem i direkte konflikt med Andøya Space sine planer. Andøya Space søkte difor om tillating til tildekking og deretter fjerning av lokaliteten. I brev av 22.10.2024 bad Nordland fylkeskommune Noregs arktiske universitetsmuseum om fagleg tilråding i saka.

Noregs arktiske universitetsmuseum vurderte at tiltaket ville medføre full nedbygging av Børvåneset, sannsynleg skade på, eller tap av, kulturminnet, og at kulturmiljøet ville miste sin opplevingsverdi. Museet tilrådde i brev av 21.11.2024 at det det vert innvilga dispensasjon jf. kulturminnelova §8 fyrste ledd, med vilkår om at lokaliteten vert tildekt og deretter undersøkt gjennom arkeologisk utgraving. I brev av 31.01.2025 ga Nordland fylkeskommune tillating til tiltaket, med ovanfor nemnde vilkår.

Tiltakshavar hadde fått midlertidig brukstillating for oppskytingsbasen, som tillèt at den fyrste oppskytinga vert gjennomført allereie hausten/vinteren 2024. For at dette skulle gjennomførast på ein trygg måte utan å skade lokalitet id 247744 skulle kulturminnet beskyttast gjennom tildekking med brannsikker duk og sandsekkar. Arbeidet med tildekking ble overvaka av Nordland fylkeskommune.

FORUNDERSØKINGAR

I samband med oppstarten av Andøya Space utførte Nordland fylkeskommune registreringar på Børvågen i 2018. Enkelte kulturminne vart då avskrive som naturlege, andre igjen fekk endeleg avgrensing og/eller vernestatus. Det vart også gjort nye registreringar som vart tolka som samiske hustufter (lokalitet id 47670). Fleirtalet av tuftane vart antatt å gjenspeile opphald knytt til fiskeri frå 1700-talet og framover, og særleg som rorbuer frå det store sildefisket i siste halvdel av 1800-talet.

Kulturminnet som vert rørt ved av tiltaket består av tre tufter. Desse tre inngjekk originalt i kulturminnet med id 47670, men vart i 2018 skilde ut som ein eigen lokalitet med antatt datering til steinalderen. Det vart då grave ni prøvestikk på lokaliteten. I sticket frå den sørlegaste tufta (id 247744-2) vert det observert trekol i torvlaget. I to prøvestikk like sørvest for tuftene vart det funne ein flintbit og to flintavslag. Dei resterande prøvestikka var funntomme. I registreringsrapporten vert flintbiten måle til ca. 5mm lang og flintbitane (ut frå bileta) måler ca. 10 og 3mm store, av lys flint.

I 2022 vart det gjennomført ei ny synfaring i Børvågen, denne gongen av Sametinget og Nordland fylkeskommune. Grunnen for dette var endringar i arealformål, vurdering av potensiale for hittil ukjende, automatisk freda kulturminne og behov for å samle inn meir data for å vurdere alder og vernestatus til kulturminna som kom i konflikt med tiltaket.

Tuftane på lokalitet id 47670 og id 247744 vart merka opp og det vart grave 50x50cm store prøvestikk i fire av tuftane. Fokuset var å finne dei sentrale eldstadane og hente ut trekolprøve til karbondatering. To av tuftane frå lokalitet id 47670 ga dateringar til 16 – 1900-talet, og vernestatus vart endra til ikkje freda. På lokalitet id 247744, som vert rørt ved av tiltaket, vart det tatt prøvestikk i enkeltminna 1 og 2. Stratigrafien i begge tuftane verkar vere relativt lik: Eit ca. 22-34cm tjukt, kompakt jordlag, deretter eit 1-4cm tjukt spetta, grått gruslag med trekol som ligg på eit grått sand-, stein- og gruslag (steril undergrunn). I tuft 1 vart det datert to prøve frå same sticket, desse fekk dateringane 735±12 BP og 720± BP. Dette gjer ei datering til 1271 – 1285 (95,4% sannsyn). To prøve frå sticket i tuft 2 vart datert til nyare tid der 18–1900-talet er mest sannsynleg datering (61,5%). På bakgrunn av desse dateringane vart tuft 1 antatt å vere frå

høgmellomalderen og fekk status som automatisk freda. Flintavslaga, som var bakgrunnen for dei tidlegare dateringane til steinalder, kan vere eldfint som var vanleg brukt i jernalder og mellomalder. Tuft 2 er tolka til å vere etterreformatorisk og dermed ikkje freda. Tuft 3 er uavklart. Alle tuftane inngår i den automatisk freda lokaliteten med id 247744.

BERØRTE KULTURMINNER

Det er altså dei tre tuftane som inngår i lokalitet id 247744 som vert påverka av tiltaket på Børvåneset. Lokaliteten er, i Askeladden, avgrensa til å omfatte 463m², utan sikringssona. Tuft 1 var ikkje nærare beskrive, men ut i frå geometrien i Askeladden så den ut til å ha ei avrunda kvadratisk grunnplan. Den var registrert med eit grunnareal på 36,21m². Det er denne tufta som vart undersøkt under dette feltarbeidet.

Dei to andre tuftane er beskrive slik i Askeladden:

Tuft 2 (tidlegare tuft 11): «*Hustuft, rektangulær, uklart markert, utydelig i terrenget. Tuftas orientering NV-SØ 6 m, bredde 5 m. Over torva stein i dagen, SØ-NV del av tufta gravd inn i strandvollen 0,3 m. Veggvollbredde 2 m, høyde 0,1 m. Høsten 2022 ble tufta datert til å være etterreformatorisk og ikke fredet gjennom trekulldatering.*»

Tuft 3 (tidlegare tuft 12): «*Rektangulær tuft, trolig samme tuft som tidligere registrert ved lokalitet id 47670, "fornminne 1": Hustuft, kvadratisk, uklart markert, utydelig i terrenget. Lyng og mosebevokst. Veggvollens høyde 0,1 m, bredde 1,5 m. Utvendige mål 4x4 m. Over torva, stein i dagen i veggvoll i N. Gulvflate nedgravet 0,15 m lavere enn de omkringliggende terreng.*» «*Tolkning 2022: Usikkert kulturminne, svakt synlig i terrenget. Derfor uavklart vernestatus.*»

Tuft 2 og 3 vart ikkje undersøkte under dette feltarbeidet då dei begge er daterte til etterreformatorisk tid og er difor ikkje automatisk freda. Tuft 1 vart datert til høgmellomalderen og er difor automatisk freda.

BELIGGENHET OG KULTURMILJØ

Børvågen er ei smal bukt på vestsida av Andøya, ca. 37km sør for Andenes og ca. 19km nordvest for Risøysund. Lokaliteten ligg på Børvåneset, også kjent som Hamneset, rett nord for Børvågen og vest for fylkesveg 974 (Figur 1). Terrenget på neset er opent med lave knausar som er omgitt av strandvollar mot langgrunne vikar i sør, vest og nord. Vegetasjonen består av lyngmark med nokre myrete parti. Lokaliteten ligg på ca. 8 moh, på nordleg del av ein strandvoll og med lavt berg mot aust og nord. Frå lokaliteten har ein fri sikt i retning nord, vest og sør. Til aust er det ein liten knus som skuggar for deler av utsikta opp mot fylkesvegen. Sør-aust for fylkesvegen igjen er det eit større myrete parti før fjellet Gårdsfjellet, stig bratt til vers med ein topp på 412 m.o.h. Havområdet utanfor Børvågen og Børvåneset er grunt og består av mange mindre skjær. Børvågen er ei svært fin, naturleg hamn og båtopptrekk/oppankring vil her ha vore enkelt.

I området finn vi ei rekkje kjende kulturminne (Figur 2). Rundt Børvågen er det eit 20-tals større, mens rundt det indre av vågen og over Hamneset er det ei rekkje lokalitetar med hustufter.

I 1970 utførte Knut Helskog på vegne av Tromsø Museum ei undersøking av to tufter i botnen av Børvågen. Bakgrunnen var etablering av fylkesvegen («turistvegen»). Ein antok at det dreia seg om tufter frå steinalderen, men det viste seg at det var snakk om rorbuer frå mellomalderen, eller nyare tid. I løpet av utgravingane fekk ein også opplysningar frå lokalbefolkninga om at om det nyleg hadde stått eit bustadhus på staden, men at dette hadde vorte flytta til Nordmela. Ei av tuftane vart likevel totalgrave. Denne var tilnærma kvadratisk i grunnplan, med hellelagt golv, steinmurte vegger og hjørneeldstad. På golvet inntil eine veggen låg det ein kvernstein. Funna består av porselen og trønderkeramikk, fragment av flaskeglas, boltar, båtsaum, niteplater, spiker mm av jern, omnsplate og filtstykker. Gjenstandsmaterialet viser at tufta/bustaden daterer seg til nyare tid (17-1900-talet).



Figur 1 Kart over lokalitetens plassering.



Figur 2 Kart frå Askeladden som viser alle registrerte kulturminne på Børvågneset og i Børvågen

MÅLSETJING OG PROBLEMSTILLING

Undersøkinga hadde som mål å vere med på å kaste lys over ei periode som vert sett på som avgjerande for utviklinga av reine fiskevær langs kysten av Nord-Noreg generelt, og Andøya spesielt. Busetnad og aktivitet frå 1200-talets fiskeriaktivitetar er hovudsakleg knytt til dei store gardshaugane langs kysten. I regionen finn vi fleire gardshaugar (til dømes ID 74236 Finnvika på Andøya) med dateringar som indikerer at reine fiskevær var etablerte på 1200-talet.

Enkeltstående tufter som kan relaterast til marknadsretta fiskeri har derimot ikkje tidlegare vorte arkeologisk undersøkte i Vesterålen. Hovudmålet med undersøkinga er å bidra med auka kunnskap om byggeskikk og fiskerirelatert busetnad i Vesterålen i mellomalderen.

Den omsøkte tufta på Børvågneset ligg i eit miljø prega av kulturminne relatert til fiskerihistorie, men som i liten grad er prega av fast busetnad gjennom hundreår. Staden rommar ingen gardshaug, ligg i utmark og er lite påverka av moderne inngrep. Det vart derfor antatt at kulturminnet sin kontekst var godt bevart og meir tilgjengeleg for utgraving enn kva tilfellet er for dei fleste andre stader på Andøya med lang fiskerihistorie.

Det var mykje som tydde på at tufta ID 247744-1 var lik dei langt yngre tuftene rundt Børvågen i sør, som representerer utrorsfiske. Tufta kunne mogleg vere ein variant av rorbuer som første gong vart dokumentert på Sløyken, Andenes på Andøya i 2021. Her vart det i 2021 undersøkt tufter med små, kvadratiske golvflater nedgrave i undergrunnen til inntil ein halv meters djupne. Minst to av åtte slike hus var i bruk på 1300-talet, medan dei andre ser ut til å ha hatt ei eller fleire bruksfasar frå mellomalderen til overgangen mellom 1500- og 1600-talet (Henriksen et.al. in prep.).

I prosjektplanen (Niemi 2025) vart det vurdert at den omsøkte tufta hadde potensial til å belyse viktige spørsmål som framleis er ubesvarte når det gjeld utror, rorbuer og organisering av fiskeriretta aktivitet i mellomalderen:

- Utgraving av ID 247744-1 kunne gi eit godt samanlikningsgrunnlag for variasjon i arkitektur av liknande hus. Er nedgravne golv eit gjennomgåande trekk ved mellombelse opphaldshus (som rorbuer) i mellomalderen, eller er det ei tilpassing til lokal topografi og jordsmonn?
- Det er ikkje mange hustufter frå mellomalderen som er arkeologisk utgravne i sin heilskap, og utgravinga av ID 247744-1 kunne gi ny kunnskap om trekk ved verdsleg arkitektur frå kysten av Nord-Noreg i mellomalderen generelt.
- Utgravinga kunne gi informasjon som kan belyse kva slags fiske som vart drive her. Er det tilreisande frå ein større region, eller er det lokale båtlag som har halde til her i periodar? Er det skreifiske, eller andre fiskeri?

På bakgrunn av dette skulle undersøkinga ha følgjande formål:

Bidra til auka kunnskap om byggeskikk og fiskerirelatert busetnad i Vesterålen i mellomalderen.

Dette skulle oppnåast gjennom følgjande prosjekt mål:

- Skaffe dokumentasjon som kastar lys over konstruksjonsdetaljar og byggeskikk.
- Skaffe dokumentasjon som kastar lys over bygninga si funksjon, og kva for faktorar som låg til grunn for etableringa av bygninga.
- Skaffe dokumentasjon som kastar lys over tidspunktet for etableringa av bygninga, og når den vart forlaten

PRIORITERINGAR OG STRATEGIAR

I prosjektplanen var det lagt opp til at lokaliteten skulle avdekkast maskinelt og at tufta skulle undersøkjast etter *single-context* metoden. I praksis betyr dette at enkeltkontekstar skulle gravast ut og dokumenterast separat. Funn burde i hovudsak dokumenterast *in situ*, med mindre tufta viste seg å ha kulturell lag av betydeleg tjukkeleik eller utbreiing. Då kunne lokaliteten gravast stratigrafisk-mekanisk, og funn relaterast til graveeiningar. Avhengig av funnsamansetning og stratigrafiske forhold skulle det vurderast om massane burde såldast. Området direkte utanfor

tufta skulle undersøkjast gjennom grundig oppreinsking av torva og inspiserast for gjenstandsfunn, trekol, bein, andre strukturar og anna som kunne gjenspeile eldre aktivitet. Desse skulle i så tilfelle dokumenterast i plan, og funn, bein osv. samlast inn. Eventuelle strukturar og funntett område burde prioriterast og undersøkast som enkeltkontekstar.

GJENNOMFØRING

Prosjektleiari var Anja Roth Niemi, utgravingsleiari var Alice Sunde Kvalheim og feltarkeologar var Steffen Tjøtta Bakke og Silje Sivertsvik.

Forarbeidet vart i hovudsak utført av utgravingsleiari med assistanse frå prosjektleiari. Dette arbeidet inkludera bestilling av reise (i dette tilfellet flyreiser), pakking av nødvendig bekledning og utstyr samt gjennomgang av prosjektplanen for avklaring av metode og framgangsmåte under sjølvfeltarbeidet.

Undersøkinga gjekk føre seg 02.06 – 13.06.2025; to av desse dagane gjekk med til reisedagar og sjølvfeltarbeidet vart difor utført i løpet av åtte arbeidsdagar.

Av naturvitskaplege analysar vart det utført osteologiske analysar av Nikola Kovačević, Norges arktiske universitetsmuseum, mens treartsbestemming og 14-C-datering av kolprøver vart utført av Nasjonallaboratoriene for datering ved NTNU.

Rapporten og funnbilete er utført av Alice Sunde Kvalheim, kvalitetssikring og bistand av Anja Roth Niemi, redigering av bilete og orto av Erik Kjellman og figur av Heidi Fløttum Westgaard.

Det ble helde et oppstartsmøte den 21.02.25 med deltaking av prosjektleiari, tiltakshavar og Multiconsult, for planlegging og avklaring av praktisk gjennomføring. Elles i forarbeidsperioden var det utgravingsleiari som hadde kontakt for å avtale praktiske detaljar. Tiltakshavar stilte med bustad, transportmiddel og gravemaskinførar så vi hadde ikkje behov for å kontakte andre leverandørar eller liknande. Tiltakshavar var også alltid tilgjengeleg på telefon og stoppa av og til innom for å sjå korleis arbeidet gjekk i løpet av feltarbeidet.

Tiltakshavar hadde etablert ein liten parkeringsplass med letthus vest for fylkesveg 974, som går rundt 200 meter aust for lokaliteten. Letthuset vart nytta som kontor og pauserom med bensinaggregat som energikjelde slik at vi kunne lade utstyr, laste opp bilete og innmålingar, osv. Toalett var tilgjengeleg på eitt av tiltakshavar sine bygg, rundt 200m nordover, eller på det offentlege toalettet som ligg rundt 600m sør for lokaliteten. Då lokaliteten ligg tett på den allereie eksisterande oppskytingsrampa til Andøya Space er det ikkje lov til å fly drone i området.

UNDERSØKJINGSMETODE OG DOKUMENTASJON

FRAMGANGSMÅTE

Vi starta med å fjerne torva frå heile tufta. Deretter vart det satt ut kryssprofilar og to seksjonar vart valt ut for graving; den nord-vestlege og den sør-austlege. På denne måten fekk vi to samanhengande profilar som kryssa gjennom strukturen.

Det vart etter kvart klart at vi ikkje ville ha tid til å grave heile seksjonane, vi valte difor å grave to L-sjakter som fylgde profilane som hadde vorte satt ut på førehand. Kryssprofilane måler 11 og 9,5m lange, L-sjaktene måler 0,5m i breidde. Når vi grov sjakta langs den nord-vestlege seksjonen fann vi att eit kollag (ID 422) i senter av tufta, dette laget hadde allereie fylkeskommunen identifisert så vi var klar over at det eksisterte. Det vart likevel tydeleg at det meste av dette laget låg i den nord-austlege seksjonen, vi opna difor ei rute i denne seksjonen (graveeining med ID 600) på ca. 1,5 x 1,5m for å eksponere kollaget i plan. Kollaget vart deretter fjerna lagvis nedover i eit forsøk på å plukke opp eventuelle bein, skjørbrønt stein eller antydingar til eldstad-konstruksjon. Ingen av desse vart identifisert, kollaget låg flekkvis i

torvmassane, men hadde sitt opphav direkte på steril undergrunn.

På den sør-austlege seksjonen dukka det opp ein meir forvirrende stratigrafi. Her var det enkelte innslag av kol, organiske masser, bjørkegreiner/-røter og litt never. Bjørkegreiner/-røter og never vart funne over heile det avtorva området.

I utkant av tufta, i sør-austleg del, vart det avdekka ei steinlegging (ID 205). Denne er rett utafor vollen til tufta og i følgje registreringsdokumentasjonen frå fylkeskommunen ligg denne i vollen på tufta som ligg att med. Vi brukte difor lite tid på denne, men det vart tatt ei kolprøve frå under ein av steinane i steinlegginga.

I sørleg og sør-vestleg del av tufta sin voll dukka det opp endå eit kollag (ID 511). Her valte vi å grave ei sjakt/prøverute i laget for å sjå på lagets stratigrafi. Vi grov vekk halve ruta og såg på den vetle profilen som sto att.



Figur 3 Avtorving av lokaliteten er nesten ferdigstilt

DOKUMENTASJON

Dokumentasjon vart utført i samsvar med universitetsmuseets rutinar. Strukturar, lag, prøver, funn osv. vart målt inn med Trimble GPS og fotografert med og utan målestokk. Fotogrammetri vart nytta til plandokumentasjon og til dokumentasjon av profilar. Profilar vart også teikna i felt på iPad. Som tidlegare nemnt vart det ikkje nytta dron fotografiering då det ikkje er lov å køyre drone i området fordi vi var så nære Andøya Space si oppskytingsrampe.

Fotostanga forsvann frå utstyret som vart sendt med transportselskap, så all fotodokumentasjon vart utført med handhalde kamera. Dette førte til at fotogrammetriane som dekker heile tufta ikkje er av beste kvalitet og nokon områder vil vere ute av fokus og/eller mangle.

PRØVEUTTAK

Dei einaste prøvane som vart tatt på lokaliteten er dateringsprøver. Det vart totalt tatt ut 6 kolprøve frå lokaliteten som kan nyttast til C-14-datering: to frå det sentrale kollaget, ei frå under eine steinen i steinlegginga, to frå den sørlege delen av L-sjakta i det sør-austlege

kakestykket, og ei frå sjakta vi grov i lag ID 511. Frå ID 511 vart det også tatt ut ei lita osteologisk prøve då det vart observert nokre fragmenterte, brente bein. Denne prøva inneheldt også kol og dette vart sendt til analyse (Ts16516.4), sjå Tabell 2.



Figur 4 Oversiktsfoto som viser kryssprofilane med L-sjakter og graveeining ID 600 reinska fram. I nedre hjørne av graveeininga ser ein også restane etter fylkets to prøvestikk.




Figur 5 Tufta er snart ferdig reinska. Det brende laget ID 511 kan sjåast ca. midt i biletet, til venstre. Steinlegging ID 205 kan sjåast nede i høgre hjørne.

OBSERVASJONAR OG RESULTAT

STRATIGRAFISKE FORHOLD

Tufta hadde ein relativt enkel stratigrafisk samansetning: i toppen eit tynt torvdekke (<5cm) etterfylgt av torvete/organiske massar og til slutt steril undergrunn.


I den nordlege og nordvestlege delen av tufta finn vi den same stratigrafien; eit tynt torvdekke på maks 4cm etterfylgt av raud-brune organiske/torv masser med innslag av sand og silt. Det er også i dette laget at vi finn mykje bjørkegreiner/-røter og never. I den sørlege og sør-austlege delen av tufta har vi dei same raud-brune organiske/torv massane, men her finst også noko meir fargevariasjon og litt variasjon i kor kompakte massane er. I undergrunnen finn vi silt- og sandhaldig grus med avrunda stein i alle storleikar (ikkje klassisk rullestein). På NGU sitt kart (Nedlastet 16.02.2025: [https://geo.ngu.no/kart/losmasse mobil/](https://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/)) over lausmassar er området oppført med massar beståande av marine strandavsetjingar.



Figur 6 Illustrasjon over alle undersøkte element


STRUKTURAR

Etter avtorving framstod tufta (ID 605) som ei noko ujamn rundoval forseinking. Forseinkinga skrår litt i sørgående retning, noko som betyr at forseinkinga sitt lågaste punkt ligg litt sør for forseinkinga sitt midtpunkt. Dette kan vere eit resultat av at veggvollen/strandvollen har rasa meir inn i nordleg del av tufta. Tufta sin ytre diameter målar ca. 8,9m, og den indre diameteren målar ca. 3,3m.



Figur 7 Høgdeprofil med alternativ tolking for bustadstrukturens utforming

I etterarbeidet vart det laga ein DEM-modell av tufta, denne høgdemodellen indikera ei svakt rektangulær form (Figur 7). Eldstaden (kolflekken ID 422) ligg då i nordleg del av huset, litt ut frå sentrum av kortveggen. I felt vart det ikkje identifisert nokre konstruksjonselement inne, som for eksempel oppmuring eller stolpehol, som kunne vore med på å kaste lys over kva for type bygnad/struktur som sto her.



Figur 8 Høgdeprofil med utgravde område markert

Tufta vart snitta ved at det vart anlagt to L-sjakter sånn at vi sat att med to kryssande profiler gjennom senter av tufta. Direkte vest, og delvis nord, for tufta ligg det ein naturleg strandvoll, denne har vorte nytta som ein naturleg vegg for tufta, i dette området. Ein intensjonelt oppbygd voll av utkastmassar er berre mogleg å identifisere i sør/sør-vestleg del av tufta. Breidda på den intensjonelt oppbygde vollen er i underkant av 3m. Frå toppen av vollen i vestleg del, til botnen av forseinkinga i midten, er det ein høgdeforskjell på 0,5m. I aust er det liten høgdeforskjell mellom forseinkinga og vollen, forskjellen er ca. 4cm. Dette er truleg fordi at terrenget flatar ut i denne enden og det er her registrert ei tuft til (tuft 2) som går heilt inn i vollen på den undersøkte tufta.

Følgande andre arkeologiske objekt vart påvist (sjå Figur 6):

Tabell 1 Oversikt over busetjingsspor og lag på lokaliteten

Intrasis-ID	Type	Beskriving
10018	Lag	Dette laget er det fyrste som dukka opp når torva vart fjerna. Laget er mørkt raudbrunt på farge, inneheld ei blanding av humus og myrjord og nokre restar av torv. Laget hadde også ein del spreidde bjørkerøter/-kvister i seg og strekk seg over store delar av det avtorva området. I dette laget er det funne eldflint, fragmentert salvekrukke, fragment av kar av leire, fragment av slipt skifer og to ukjende gjenstandar (harpiks?).
422	Kolflekk/ Eldstad	I senter av tufta vart det identifisert ein kolflekk som var ca. 1,1 x 2,5m stor og maks 2cm tjukk. Kolflekken var konsentrert i området rundt fylkets to prøvestikk, men meir utflytande mot periferien. Kolflekken hadde ingen sikre konstruksjonselement som steinsetting eller liknande. Det låg nokre større stein i midten av tufta, i tett relasjon til kolflekken, desse kan originalt ha vore del av ei steinsetting til ein eldstad der dei resterande steinane har vorte fjerna, men dette kan ikkje konkluderast med.
372	Sand/forvittra stein	Lite «pølseforma» område bestående av sand og forvittra stein. Ligg orientert aust/vest. Laget ligg i den sør-austlege seksjonen og måler ca. 1 x 0,3m. Mogleg rest etter veggvoll?
349	Lag	I den sør-austlege seksjonen vart det identifisert eit kompakt lag bestående av mørk brun torv som, når ein grov i det, kom opp i flak. Laget inneheldt også noko spreidd bjørkekvist. Laget måler ca. 1,9 x 2,2m på det breiaste og varierte frå 1-3cm tjukt. Ut mot vollen vart det funne flint, tann og keramik i laget.
408	Lag	Humushaldig/torvete lag som går over veggvollen i sør. Består i all hovudsak av raudbrune organiske masser, fast i konsistensen, men ikkje like kompakt som lag 349. Laget ligg i den sør-austlege seksjonen – dette er det same laget som lag 10018.
205	Steinlegging	Avrunda rektangulær steinlegging som ligg på utsida av tufta sin sørlege voll. Steinlegginga består av kraftige steinar med tilnærma flat overside. I nordleg del av strukturen ligg steinane fint inn til kvarandre, men steinane i andre enden er noko meir «klumpete» og har noko større mellomrom mellom seg. Strukturen måler ca. 2,1 x 1,5m i storleik. Under steinlegginga låg det eit svært tynt kollag, dette var tydlegast i nord. Det er mindre torv/organiske massar under steinane i nord enn i steinane i sør. Steinane målar alt frå 71 x 26cm til 14 x 15cm.
10021	Lag	Lag under steinpakninga med ID 205. Laget består av kolblanda humus/torv som i botnen går over til eit kollag med humus, men ikkje torv. Laget inneheld også noko sand og grus.
511	Kollag	Dette er eit svart torvlag med mykje kol som i hovudsak ligg på den sørlege og sørvestlege delen av tufta sin voll. Kollaget si utstrekning er vanskeleg å definere då det blandar seg saman med mørkare organiske massar/torvmassar, laget ser ut til å eksistere flekkvis over eit større område og held fram under torva i det ikkje avtorva området sør for tufta. Innmålinga av laget dekkjer det området kor laget var mest samanhengande og tydeleg.
590	Lag	Dette laget er målt inn som steril undergrunn. Laget består av silt, sand, grus og stein i varierende storleik. Nokre funn er relatert til dette laget, desse funna låg heilt i toppen av dette laget (eller i overgangen mellom dette laget og organisk lag over), det vart ikkje funne nokre funn når vi grov oss ned i laget. Laget er difor framleis tenkt som «steril undergrunn».

I det sør-austlege kakestykket i tufta dukka det opp fleire lag som vi ikkje såg igjen i det nord-vestlege kakestykket. Dette gjeld laga ID 349, ID 408 og ID 372, sjå tabell 1. Stratigrafisk går desse laga litt over i kvarandre. Desse laga ser heller ut til å være del av eit heterogent lag som ligg over eit større område: i profilen var det ikkje mogleg å skilje ut desse laga, her såg det ut som eitt samanhengande heterogent lag. Berre laget ID 372 skil seg ut då dette er ei pølse med sand og/eller forvitra stein. I felt vart laget vurdert som mogleg del av innervegg. Vi fann ingen andre teikn på denne typen konstruksjonselement så det er nok meir nærliggande å tru at dette er ein tilfeldig, eller naturleg formasjon.

Det nord-vestlege kakestykket ser ut til å ligge lengre ut i periferien av tufta enn det sør-austlege kakestykket, dette dekker ein større del av sjølve golvflata til tufta. Det einaste som framkom i dette kakestykket var periferien på kolflekk med ID 422, hovuddelen av denne låg likevel i det nord-austre kakestykket. Vi opna difor ei større rute her for å undersøke kolflekken. Flekken var vanskeleg å definere og var samanhengande berre i eit lite område heilt i hjørnet av kryssprofilane. I tillegg til at flekken var utflytande låg den i fleire nivå. Bålet, eller båla, har originalt vorte brent direkte på steril undergrunn, men det låg flekkar av kol i torva over også. Kva som har gjort at eldstaden er forstyrta er umogleg å avgjere, men stemmer overeins med at andre deler av tufta også er forstyrta.

Trekolkkonsentrasjonen inne i tufta (ID 422) ble datert til høgmellomalderen, nærmare bestemt 1274 – 1299 e.Kr. (PK 680, TRa-27474, 709±15 BP). Dette stemmer overeins med dateringane frå fylkeskommunen si registrering, dei tok ut to kolprøve av same kolflekken som også vart datert til høgmellomalderen. Desse prøvane fekk resultatane: 1270 – 1295 e.Kr. (95,4%) og 1267 – 1285 e.Kr. (95,4%) (Figur 9).



Figur 9 Kolflekk ID 422 reinska fram i plan

Tufta som vart undersøkt har ingen konstruksjonselement anna enn at det har vorte grave ei forseinking i midten og desse massane har vorte kasta ut på sidene slik at det har forma seg ei sirkulær forseinking med ein sirkulær voll rundt. I vestleg og nord-vestleg del av tufta har det ikkje vorte kasta masser, eller i det minste i liten skala då det her er ein naturleg strandvoll som gir le utan at det var nødvendig å manuelt bygge denne opp. Dei fleste massane ser ut til å ha vorte kasta i sørleg/sør-vestleg del, og i noko grad i austleg del, av tufta. I sør/sør-aust flatar det ut og vi har her berre ei svak forhøging.

Oppbygginga av vollen i samband med det heterogene laget i sør-austleg seksjon av tufta tyder kanskje på at ein har nytta denne delen som inngang, men det kan også være at det berre ikkje var nødvendig å legge noko særleg med masser her då vinden har vanskeleg for å kome inn frå

denne retninga. I denne retninga kjem det fyrst eit flatt, vått område, også kjem det nokre naturlege knausar/forhøgingar. Om det var ein inngang i dette området ville det ha forklart kvifor denne delen av tufta har eit meir heterogent lag enn i resten. At ein har trakka inn og ut forklarar kvifor dei organiske massane her varierte med tanke på kor kompakt det var og at det tidvis var blanda sand og grus i laget. Dette er diverre ikkje mogleg å seie med sikkert, sjølv om massane her verka vere noko meir heterogene, var massane framleis svært like det som elles dukka opp i tufta og det er tydeleg at det har vore aktivitet her i seinare tid som også kan ha påverka tufta. Det brende laget (ID 511) strekk seg for eksempel også inn i dette området.

Steinlegginga (ID 205) høyrer truleg saman med tuft 2. Frå fylket sine innmålingar av tuft 2 si avgrensing (frå registreringa), ser ein at tufta si avgrensing går over steinlegginga, kanskje er denne eit slags inngangsparti til denne tufta? Vi var ikkje i stand til å bekrefte tuft 2 si utstrekning iltå vår undersøking. Ei kolprøve (PK 660) som vart tatt frå laget under steinane vart datert til 1673 – 1944 e.Kr. (TRa-27473, 147±13 BP). Steinlegginga må difor vere frå same, eller ei yngre periode. Denne steinlegginga kan difor ikkje sjåast i samanheng med aktiviteten som føregjekk på lokaliteten i mellomalderen, men er ein del av aktiviteten som har føregått på staden i nyare tid.

Ein prøve (PK 541) frå det brende laget (ID 511) som ligg sør for tuft 1 fekk ei datering til 1686 – 1927 e.Kr. (TRa-27472, 124±14 BP), altså svært likt som steinlegginga si datering. Det er svært mogleg at dette laget er det same som ligg under steinlegginga då dette laget breia seg flekkvis over eit større område. Dette laget er uansett også ein del av den aktiviteten som har føregått her i nyare tid.

Det brende laget strekk seg flekkvis over eit større område og under feltarbeidet var det ei forståing av at trekullhorisonten under steinpakninga mogleg var det same laget, og de overlappende dateringane bekreftar dette i stor grad. Desse dateringsresultata kan kanskje forklarast med at det har vorte nytta drivved til brensel, eller at det er mange brannhendingar blanda saman.

Tabell 2 Alle dateringane frå lokaliteten. Museets dateringar over den grå lina, Fylkeskommunen og Sametingets dateringar under den grå lina.

Ts.nr	Intrasis.nr	Lab.nr	Kontekst	Materiale	Datering C14 (BP)	Datering 95,4%
Ts16516.4	541	TRa-27472	Lag, ID 511	Betula	124 +/- 14	1686 – 1927 evt.
Ts16516.5	660	TRa-27473	Lag, ID 10021, under steinpakning (ID 205)	Betula	147 +/- 13	1673 – 1944 evt.
Ts16516.6	680	TRa-27474	Kolflekk, ID 422	Betula	709 +/- 15	1274 – 1299 evt.
-	-	TRa-18807	Kolflekk, ID 422 – prøvestikk 1 (prøve 1)	Ukjent	735 +/- 12	1267 – 1285 evt.
-	-	Tra-18808	Kolflekk, ID 422 – prøvestikk nr. 1 (prøve 2)	Ukjent	720 +/- 17	1270 – 1295 evt.

FUNN

Gjenstandsmaterialet frå lokaliteten er katalogisert under Ts16516. En del av de innsamlete gjenstandene er vurderte til å være betydelig yngre enn middelalder, og har derfor blitt kasserte. Dette omfatter 57 skår av trønderkeramikk og/eller raudgods, 4 svært små glasskår og 16 fragment av krittpipe, dei aller fleste stilkfragment.

Gjenstandane som er vurderte til å være førreformatoriske er lista opp i tabellen under (Figur 3). Det vetle fragmentet av ein stilk frå ei krittpipe fekk vere med då den er fint dekorert.

Tabell 3 Oversikt over katalogisert gjenstandsmateriale frå lokaliteten

Gjenstand	Bein	Flint	Jern	Keramikk	Kobberlegering	Kritt	Kvartsitt	Lær	Skifer	Tann	Ukjent	Total
Annen gjenstand			10	1		1			1		3	16
Avslag								1				1
Bein	1											1
Fragment									2			2
Ildflint		24										24
Kar				7								7
Krukke				1								1
Nagle			10									10
Pipe						1						1
Spiker			1									1
Spinnehjul				1								1
Tann										1		1
Total	1	24	21	10		1	1	1	1	2	1	66

Eldflint er den mest funnrrike gjenstandskategorien med 24 funn. Eldflinten består generelt av mindre bitar flint, både med og utan cortex og av mange ulike typar/kvalitetar (Figur 10). Det relativt høge innslaget av ildflint viser til omfattande bruk av ild, og kan kanskje settast i samanheng med kolflekken i midten av tufta og det brente laget på den sørlege vollen.



Figur 10 Eksemplar på eldflint

Det vart også funne eitt avslag av kvartsitt, men om dette er eit reelt avslag er noko vanskeleg å avgjere då det ikkje framkom noko anna, tilsynelatande, slått kvartsitt. To bitar av skifer framkom også, ein av desse var eit lite fragment av raud skifer, som ikkje ser ut til å ha vorte omarbeida. Den andre biten med skifer var av ein grå type som ser ut til å ha ei lita slipt flate bevart.

Det ble funne 10 fragmenter/skår av keramikk, hovudsakleg av leirgods, der fleire har lys brun/beige eller mørk glasur. Fragmenta av ser ut til å kome frå mindre kar/potter, truleg relatert til oppbevaring eller servering av mat. Ingen av fragmenta er brent på utsida/undersida, og var derfor truleg ikkje brukt som kokekar. Fragmenta er generelt små så det kan ikkje utelukkast heilt.

Eit fragment av ei salvekrukke vart også funne (Ts16516.33). Den er svært fragmentert og berre litt av botnen av krukka er bevart (Figur 11). Den er laga av grått steingods og har mogleg eit stempel i botnen, men då det er so lite bevart er det ikkje mogleg å tyde dette. Krukka kan truleg

daterast til 1400-talet., desse vart vanlege frå 1400-talet, men då vi ikkje har nokre dateringar til denne tidsperioden er det truleg at den er noko yngre.



Figur 11 Botnen av ei salvekrukke

Ein gjenstand (Ts16516.21) er katalogisert som eit spinnehjul, men tolkinga er noko usikker (Figur 12). Gjenstanden er flat, sirkulær og med eit hól i midten, av lys brun/beige leirgods og måler 3,8cm i diameter med ei vekt på 5,7 gram. Gjenstanden er knekt og omtrent halvparten er bevart, som igjen er knekt i to deler. Gjenstanden vil ha veid ca. 10,5 gram i heil tilstand. Som spinnehjul ar gjenstanden noko atypisk form og vekt, men der er ingen andre parallellar på lokaliteten som vi kan samanlikne med. Etter eit kjapt søk i unimusportalen finn vi nokre få spinnehjul av leire med relativt lav vekt, men det er her snakk om 1-2 eksemplar, noko som gjer det vanskeleg å identifisere vår gjenstand sikkert. Ein gjenstand av same type leire som spinnehjulet vart funne og er ein kvadratisk, flat gjenstand med eit hól i eine enden. Funksjon er



Figur 12 Til venstre: Mogleg spinnehjul av leire. Til høgre: Ukjend kvadratisk gjenstand med hól igjennom

ukjend, men det er nærliggande å tru at det er ein form for markør, eller noko liknande.

Ein ukjend gjenstand (Ts16516.22) av lyse brunt leirgods vart også funne (Figur 12). Denne er eit rektangulært, flatt stykke med eit bi-konisk hòl i eine kortenden. Gjenstanden måler 2,7cm i lengde, 1,7cm i breidde og 0,5cm i tjukkleik. Hòlet er ca. 4mm i diameter.

Det var funne 21 gjenstandar av jern og ein gjenstand av koparlegering. Gjenstanden av koparlegering (Ts16516.67) er ein liten kvadratisk og flat bit med metall med tydeleg grønfarge. Gjenstanden ser ut til å vere knekt og måler i dag 2,3cm i lengde, 1cm i breidde og 0,1cm i tjukkleik.

Av dei 21 jerngjenstandane er 10 stk. identifisert som båtnaglar, eit par av desse har bevart roe (Figur 13), eitt funn er identifisert som ein spiker, men kan også være ein nagle. Slike båtnaglar kom i bruk i jernalderen og var i bruk heilt opp til moderne tid og er eit vanleg funn på lokalitetar der maritim aktivitet har føregått. Dei 10 siste har ikkje vorte identifiserte, kanskje kan nokre av desse identifiserast når dei vert røntgenfotografert.



Figur 13 Båtnagel av jern

Dei einaste beina som vart tatt inn frå lokaliteten er nokre små fragmenterte bitar som vart tatt inn som ei prøve frå sjakta som gjekk gjennom lag 511. Det var totalt 17 fragment i prøva og samtlege var brende. Samtlege beinfragment kjem frå pattedyr og fem av desse kunne identifiserast som diafysar av røyrknoklar frå eitt, eller fleire, terrestriske, mellomstore pattedyr. Desse fem identifiserte fragmenta kjem mest truleg frå småfe.

DISKUSJON

Hamneset, som tufta ligger på, har ei rekke andre kjende kulturminne. Det ligg fleire lokalitetar med tufter på sjølve neset og i Børvågen, sør-vest for neset, er det registrert eit 20-tals støer. Ei av desse tuftane på neset har tidlegare vorte totalgrave, og deretter datert til nyare tid (1700-1900). Etter nye registreringar utført av Nordland fylkeskommune og sametinget i 2018 og 2022 vart alle registrerte kulturminne (bortsett frå 247744-1) på Børvågneset, og i Børvågen, omgjort til ikkje freda/utan vern eller uavklart, då dei alle er antatt å ha nyare tids dateringar. Våre C14-dateringar indikera bruk frå slutten av 1600-talet og heilt fram til fyrste halvdel av 1900-talet.

I *Andøy bygdebok* skriv historikaren Helge Guttormsen (1994) om at Børvågen har vorte nytta til fiske, minst heilt tilbake til fyrste halvdel av 1700-talet. Han skriv også om korleis folk som var busett på austsida av øya vandra over til vestsida for å drive fiske og at dette truleg føregjekk

også frå Børvågen. I heftet *Børra og Børvågneset* skriv Inge Johnsen om korleis samiske fiskarar og fiskarar frå Langnes og Nyksund kom til Børvågneset for å ro fiske. Dette føregjekk hovudsakleg om våren, men vinterfiske vart også drive frå Børvågneset. Bruken av neset som utfartsstad toppa seg i perioden 1865-1875, då var det store førekomstar av Sild utanfor Andøya, og denne ressursen vart nytta av både lokale, og fiskarar langvegs frå. Børvågneset var svært viktig heilt fram til motorbåtane meldte sin ankomst, då vart det mykje enklare for folk å drive fiske frå heimstaden sin og ein hadde ikkje lenger behov for ein utfartsstad som Børvågneset. Det er tydeleg at Børvågneset har vore ein svært viktig stad for fiskeriet og menneska som nytta seg av denne staden i lang tid, men når starta aktiviteten?

Andøya er rik på kulturminne og mange av desse er daterte til jernalderen og mellomalderen. Øya har fleire store gardshaugar frå tidsperioden som for eksempel Finnvika (ID 74236) og Andenes gardshaug (ID 37658), sistnemnte har dateringar heilt tilbake til siste del av 900-talet. Desse gardshaugane viser at det var fleire godt etablerte busetjingar på 1200-talet og fiske har vore ein føresetnad for desse busetjingane. Det er generell einigheit om at tørrfiskhandelen var godt etablert på 1200-talet og at dette produktet var vidt produsert langs kysten av Nord-Noreg. Fiske har lenge vore ein svært viktig ressurs og industri i regionen.

Vi hadde forventa å finne nokre konstruksjonselement i tufta, ikkje berre ei fordjuping. Kanskje har steinane frå steinlegginga sør for tufta vorte bygd med stein frå vår tuft? Det er mogleg at i alle fall deler av forstyrringa kjem frå at menneske som nytta området i seinare tid har fjerna, og nytta om att, konstruksjonselement (i dette tilfellet stein) frå den undersøkte tufta. Kanskje er eldstaden/kollaget so utflytande fordi nokon har tatt steinane som ein gong omringa den? Dette vart det ikkje funne nokre teikn til under feltarbeidet og er i so måte berre ein teori. Det vart derimot observert mykje bjørkegreiner og/eller bjørkerøter på området. Greiner og røter frå bjørk har den same neveren på utsida og det er difor svært vanskeleg å skilje desse to frå kvarandre. Er det snakk om greiner kan desse ha inngått i ein huskonstruksjon, men det er også mogleg at det har stått ein bjørkeskog her i tidlegare tider. Denne mangelen på konstruksjonselement gjer også at vi ikkje kan konkludere med om tufta har vore kvadratisk, eller sirkulær, om den har hatt meir permanente vegg- og takkonstruksjonar eller om det kanskje har vorte nytta ein telt-liknande konstruksjon som le for vêt og vind.

Tufta i seg sjølv har ikkje vorte nytta, eller hatt gjentakande besøk, over lengre tid i løpet av mellomalderen. Dette blir tydeleg når ein ser på tufta si utforming og funninnventar. Tufta har ingen dokumenterte vegg- eller takkonstruksjon og heller ikkje ein veletablert eldstad. Ingen, eller svært få, funn frå 1200-talet dukka opp. Hadde lokaliteten vorte nytta over lengre tid ville ein forventa å finne tydelegare restar etter konstruksjon og meir funnmateriale som kunne fortalt oss om aktiviteten/-ane som føregjekk her.

Av gjenstandsfunn vart det berre funne båtnaglar som kan knytast direkte til fiskeaktivitet, men dateringane på desse er usikker. Det er likevel truleg at tufta er relatert til fiske. Vi veit at havområda utafor Andøya sin vestkyst har svært godt fiske og at dette har vore ein viktig ressurs i lang tid. Børvågneset har også vore ein svært travel utfartsstad i nyare tid, men har vore godt egna som utfartsstad i endå lengre tid.

Truleg representera difor tufta ei ad hoc busetjing som vart nytta i ei lita periode, eventuelt berre ein sesong med formålet om å nytte seg av fisket utanfor kysten av Andøya.

LITTERATUR

Guttormsen, H. (1994). Andøy bygdebok bind 1. *Fra omd til Andøy. Andøys historie fra de eldste tider og opp til 1800 e.Kr. f.* Andøy Kommune.

Johnsen, I.E. *Børra og Børvågneset – sagn og virkelighet*. Andøy kommune og Andøy historielag. https://www.vesteraalen.info/130718_sagn_og_virkelighet_borvogen.pdf (nedlastet: 20 januar 2025)

Nielssen, A. R. (2014). Utvikling av fiskerier og kystsamfunn i høgmiddelalderen. I Kolle, N. (red.) *Norges fiskeri- og kysthistorie*, Fagbokforlaget, Bergen

Niemi, A.R. (2025) *Prosjektplan, Børvågneset ID 247744*. Norges arktiske universitetsmuseum – UiT Norges arktiske universitet.

National Laboratory for Age Determination
14C Result Report

Alice Kvalheim
 Norges Arktiske Universitetsmuseum
 Stakkevollan, P.O. box 6050
 9037 Tromsø

akv044@uit.no

Measurement references:
 Seiler et al., Radiocarbon 61(6), 2019

Calibration references:
 OxCal v4.4.4 Bronk Ramsey (2021); r:5
 Atmospheric data from Reimer et al (2020)

Sample Name	Fraction	14C content (pMC)	14C Age (rounded)	d13C (from AMS system)	Calibrated Age Ranges	Wood species	% C	mgC	Fraction Yield(%)	14C Age (not rounded)
TRa-27472 Ts16516.4	1 piece Betula sp., alkali residue	98.47 ± 0.16	125 ± 15 BP	-27.8 ± 0.7 ‰	68.3% probability	Betula sp. - 1 piece;	82	1,89	82	124 ± 14 BP
					1692AD (6.2%) 1700AD 1722AD (4.0%) 1727AD 1809AD (4.0%) 1815AD 1834AD (44.8%) 1890AD 1908AD (9.3%) 1921AD 95.4% probability 1686AD (22.5%) 1732AD 1806AD (72.9%) 1927AD					
TRa-27473 Ts16516.5	1 piece Betula sp., alkali residue	98.19 ± 0.15	145 ± 15 BP	-26.3 ± 0.6 ‰	68.3% probability	Betula sp. - 1 piece;	74	1,92	84	147 ± 13 BP
					1681AD (11.2%) 1695AD 1725AD (10.9%) 1740AD 1753AD (5.9%) 1763AD 1800AD (8.8%) 1813AD 1839AD (3.1%) 1845AD 1852AD (10.4%) 1877AD 1916AD (17.9%) 1940AD 95.4% probability 1673AD (15.4%) 1699AD 1721AD (24.7%) 1777AD 1797AD (11.1%) 1815AD 1835AD (22.0%) 1885AD 1909AD (22.3%) 1944AD					
TRa-27474 Ts16516.6	1 piece Betula sp., alkali residue	91.55 ± 0.16	710 ± 15 BP	-26.9 ± 0.7 ‰	68.3% probability 1278AD (68.3%) 1290AD 95.4% probability 1274AD (95.4%) 1299AD	Betula sp. - 1 piece;	73	1,89	46	709 ± 15 BP

Museumsnr	Unr.	Funnr.	Stratigrafisk lag	Strukturnr.	Strukturtype / Funnkontekst	Gjenstand	Gjenstandsd el	Materiale	Materiale spes.	Antall gjenstander	Cortex	Varmepåvirke t	Slipt	Har dekor	L	B	V	Annet mål	Gjenstandsbeskrivelse
Ts16516	1	430		422	Kullflekk	prøve, kull		trekull									0,1		Rest.
Ts16516	2	457		490	Lag	prøve, kull		trekull									0,33		rest
Ts16516	3	458		490	Lag	prøve, kull		trekull									0,22		rest
Ts16516	4			490	Lag														
Ts16516	5	660	10021	205	Steinlegging	prøve, kull		trekull									0,06		Ingen rest. RESULTAT: Betula 147 +/- 131673 - 1944 e.Kr
Ts16516	4	541	511	511	Kulllag	prøve, kull		trekull		1									RESULTAT: Betula 124 +/- 141686 - 1927 e.Kr
Ts16516	6	680		600	Graveenhet	prøve, kull		trekull		1									RESULTAT: Betula 709 +/- 151274 - 1299 e.Kr
Ts16516	7	597	590	590	Undergrunn (sand, grus, stein)	ildflint		flint		1	1								
Ts16516	8	598	590	590	Undergrunn (sand, grus, stein)	ildflint		flint		1	1								
Ts16516	9	599	590	590	Undergrunn (sand, grus, stein)	ildflint		flint		1	1	1							
Ts16516	10	634	590	590	Undergrunn (sand, grus, stein)	fragment		skifer	rød	1									Liten bit av rød skifer, usikkert om fragmentet kommer fra en gjenstand eller om det er naturlig.
Ts16516	11	644	590	590	Undergrunn (sand, grus, stein)	ildflint		flint		1									
Ts16516	12	235	511	511	Kullholdig lag	ildflint		flint		2									
Ts16516	13	245	511	511	Kullholdig lag	ildflint		flint		1		1							
Ts16516	14	252	511	511	Kullholdig lag	ildflint		flint		1	1								
Ts16516	15	529	511	511	Kullholdig lag	ildflint		flint		1		1							
Ts16516	16	530	511	511	Kullholdig lag	ildflint		flint		1									
Ts16516	17	538	511	511	Kullholdig lag	ildflint		flint		1									
Ts16516	18	539	511	511	Kullholdig lag	ildflint		flint		1	1								
Ts16516	19	563	511	511	Kullholdig lag	ildflint		flint		1	1								
Ts16516	20	558	511	511	Kullholdig lag	pipe	stilk	kritt		1				TRUE					Liten bit av en stilk frå ei krittpipe med dekor.
Ts16516	21	264	511	511	Kullholdig lag	spinnehjul		keramikk		1									Fragmentert rundt, flat disk av leire. lagt inn som spinnehjul, men tolkningen er usikker.
Ts16516	22	459	444	444		annen gjenstand		keramikk		1					2,7	1,7		T: 0,5cm	Kvadratisk, flatt stykke leire med hull gjennom. Noe fragmentert - funksjon ukjent
Ts16516	23	231	511	511	Kullholdig lag	kar	randskår	keramikk		1									Grått leirgods
Ts16516	24	246	511	511	Kullholdig lag	kar		keramikk		3									Tre biter grått leirgods
Ts16516	25	250	511	511	Kullholdig lag	ildflint		flint		1									

Ts16516	26	415	511	511	Kullholdig lag	ildflint	flint	1												
Ts16516	27	463	511	511	Kullholdig lag	ildflint	flint	1												
Ts16516	28	589	511	511	Kullholdig lag	avslag	kvartsitt	1												
Ts16516	29	221	10018	10018		ildflint	flint	1	1											
Ts16516	30	225	10018	10018		ildflint	flint	1	1											
Ts16516	31	228	10018	10018		kar	keramikk	1												Grått leirgods med lys brun/beige glasur på utsida.
Ts16516	32	230	10018	10018		ildflint	flint	1	1											
Ts16516	33	232	10018	10018		krukke	keramikk	1												Lita krukke, antatt salvekrukke i steingods. svært fragmentert, men en liten del av botnen er bevart, denne har mulig eit stempel, men det er berre mogleg å sjå ein
Ts16516	34	268	10018	10018		ildflint	flint	1												
Ts16516	35	270	10018	10018		ildflint	flint	1												
Ts16516	36	271	10018	10018		ildflint	flint	1												
Ts16516	37	391	10018	10018		fragment	skifer	1												Fragment av skifer med en liten, slipt flate - antatt fragment av slipestein/bryne.
Ts16516	38	388	349	349		ildflint	flint	1	1											
Ts16516	39	389	349	349		tann	tann	1												tann av landpattedyr.
Ts16516	40	587	381	381		ildflint	flint	1	1											
Ts16516	41	658	10021	10021		kar	keramikk	1												Grått leirgods
Ts16516	42	659	10021	10021		kar	keramikk	1												Rødlig leirgods
Ts16516	43	277	10018	10018		annen gjenstand	ukjent	1												
Ts16516	44	278	10018	10018		annen gjenstand	ukjent	1												
Ts16516	45	261	511	511	Lag, tuft	nagle	jern	1												
Ts16516	46	262	511	511	Lag, tuft	nagle	jern	1												1 to fragment
Ts16516	47	229	511	511	Lag, tuft	nagle	jern	1												
Ts16516	48	236	511	511	Lag, tuft	annen gjenstand	jern	1												klump"" med jern.
Ts16516	49	240	511	511	Lag, tuft	annen gjenstand	jern	1												Truleg spiker eller nagle.
Ts16516	50	243	511	511	Lag, tuft	nagle	jern	1												
Ts16516	51	244	511	511	Lag, tuft	nagle	jern	3												En heil, og to fragmenterte jernnagler funnet sammen.
Ts16516	52	247	511	511	Lag, tuft	nagle	jern	1												
Ts16516	53	251	511	511	Lag, tuft	nagle	jern	1												Stilk
Ts16516	54	256	511	511	Lag, tuft	annen gjenstand	jern	1												
Ts16516	55	263	511	511	Lag, tuft	annen gjenstand	jern	1												
Ts16516	56	531	511	511	Lag, tuft	annen gjenstand	jern	1												Nagle med roe
Ts16516	57	537	511	511	Lag, tuft	spiker	jern	1												
Ts16516	58	561	511	511	Lag, tuft	annen gjenstand	jern	1												
Ts16516	59	562	511	511	Lag, tuft	annen gjenstand	jern	1												
Ts16516	60	556	511	511	Lag, tuft	prøve, annet	bein	1												5 små fragment av brent bein.
Ts16516	61	254	511	511	Lag, tuft	bein	bein	1												Fragment av brent bein
Ts16516	62	234		205	Steinpakning	annen gjenstand	jern	1												

Ts16516	63	656		205	Steinpakning	nagle		jern		1				3,7				
Ts16516	64	654		205	Steinpakning	annen gjenstand		jern		1								
Ts16516	65	227	10018			tuft/voll		jern		1				5				
Ts16516	66	274	10018			tuft/voll		lær		1				2,7				Lite trekanta avkapp av lær.
Ts16516	67	279	10018			tuft/voll		kobberlegering		1				2,3				
Ts16516	68	460	511	511	Lag, tuft	annen gjenstand		ukjent		1								Mulig slagg av noe variant.